



Marianne Klepsvik Sjø og Arne Røen, som begge bur på Halsnøy, presenterer produkta som vil vera til sals laurdag. (Av Ola Matti Mathisen)

Det har vorte ein tradisjon at AFA held salskafe seint på haustparten og laurdag er det atter klart for arrangementet som startar klokka 10.30 og varar fram til klokka 15.

Ikkje berre lokkar dei som held til på "loftet" med noko av det dei lagar, dei serverar også risengrynsgraut med tilbehør samt kaffi og kaker.

Når det gjeld produkta hugsar vi at vinhøna var svært populær i fjor. Den kjem rimelegvis att dette året, men no lanserast også eit nytt produkt – ein støvlekatt!

Ellers i produkthjørnet har dei mellom anna filleryer, løparar i lappeteknikk, sminkeposar, toalettposar og gryteklutar, for berre å nemna noko.


Kvifor held så AFA ein slik salskafe?

Det er fleire grunnar og ein av dei er sjølv sagt at tiltaket er ei form for marknadsføring.

Så synest arbeidstakarane at det er kjekt å visa fram for familien kva dei syslar med på AFA.

Og dei som kjem synest det er triveleg der.

Av Ola Matti Mathisen



Vinhøna er frå før eit populært AFA-produkt – og no kjem støvlekatta (til høgre). (Foto: Ola Matti Mathisen)